

NAUD MORNGON

NO.7 ÅRG.2.




Opp trælær alle no kring & jorda
 Opp de som læg i naud og svølt
 Som elding lyser rettferds-orða
 det brest i band og slavebolt
 Rått og rote opp med rot vi river
 Opp trælær no or naud og skam
 Kring merkestonga tok vi triver.
 Fram, kamerat! Til friedom fram!

Til samling på på valen
 Siger veit vi at vi får
 Og **INTERNASJONALEN**
 skal få sin folkevår

AKP 1900-1914

1907 AKG 2



Handwritten notes in the bottom left corner, including the words "AKP" and "1907".

Handwritten notes in the bottom right corner, including the words "AKP" and "1907".

SPØRSMÅL til gruppe-diskusjonen i dag.

Spørsmål I: Drøft framlegget til hovuparole:

Nytt Framlegg: "Styrk AKP(m-1) - styrk
banda til arb.klassen og hans allierte -
bygg klassealliansen no!"
Ta stilling til dette framlegget!

Spørsmål II: Kva politisk utbyte har du hatt av leiren,
og korleis meiner du at du sjølv har fungert?

Spørsmål III: Kvifor bli med i AKP(m-1)?

Til første gruppespørsmål.

Det første spørsmålet i gruppediskusjonen i dag skal handsame forslaget til hovedparole for leiren. Parolane skal slik som vi no handsamar dei vere parolar som peikar ut den veien vi skal gå - kva diskusjonane her på leiren skal brukast til, som vi stilte til/ Vi har særleg diskutert ein av dei to h. parolane. Klasseanalyse. Debatten har vore hard og livleg og har klårt vist at her finst det to tendensar: Den eine tendensen er den vi har diskutert mest, tendensen til å "gløyme" at vi aldri oppnår seieren i den sosialistiske revolusjonen dersom partiet konsentrerer seg berre om arbeidet i arbeidarklassen og ikkje også blant arbeidarklassen allierte. Den andre tendensen kjenner vi godt frå før, tendensen til å likestille arbeidarklassen og dei ikkje - proletære klassar og grupper. Det betyr å undergrave arbeidarklassen som den leiande klassen.

Ei klasseanalyse gjer vi for å finne fram til ei rett politisk line for den praksis vi skal drive. Og diskusjonane har vist oss at praksisen - massearbeidet, er for veikt utvikla både i arbeidarklassen og blant dei allierte klassane og gruppene. Diskusjonen har vist: Berre AKP(m-1) kan sameine desse. Det er difor nødvendig å stille ein parole som tek hensyn til dette. Leirleinga stiller difor eit nytt forslag til vedtak:

STYRK AKP(m-1) - STYRK BANDA TIL ARBEIDARKLASSEN OG HANS ALLIERTE -
BYGG KLASSEALLIANSEN NO!

Den politiske lina finn vi gjennom studiar - vitenskaplege granskingar - praksis. Difor stiller vi den andre parolen til klasseanalyse-diskusjonen slik:

LEVE MARXISMEN - LENINISMEN, MAO-TSE-TUNGs TENKING.

Imperialisme tyder krig - den ujamne utviklinga under kapitalismen skaper ulikskap mellom imperialistmaktene, skjerpar konkurransen mellom dei. I dag rivalisere Sovjet og USA om verdensherreveldet; både faktorane for revolusjon og faktorane for krig aukar. Vi har som oppgåve å mobilisere dei norske massane ideologisk og politisk, difor stiller vi paroleforslaget til den andre diskusjonen:

KAMP MOT SUPERMAKTENE USA OG SOVJET OG DEIRA KRIGSFØREBUINGAR -
MOBILISER BREITT TIL DEN 21/8 og 11/9 !

Eit av dei viktigaste redskapane i den politiske og ideologiske mobiliseringa i massearbeidet vårt er avisa vår KK. Difor reiser vi som parole til diskusjonen om KK:

STYRK DEN KOMMUNISTISKE PROPAGANDAEN - TREKK MANGE MED I ARBEIDET FOR
KK SOM DAGSAVIS INNAN 1/5 - 77!

PROGRAM FOR LØRDAG:

7.00 Vekking
7.30 Morgonsamling
7.45 Frukost
9-10.30 gruppediskusjon
10.30-11.30 Plenum (i stor-teltet)
11.30-12 Pakking av private eiendeler
12-13.30 Kollektiv nedrigging og opprydding av leiren
13.30 Middag
14 Avreise

Plan for kollektiv nedrigging og opprydding:

Brigade 1 :

Rydde teltplassen. Det store teltet skal stå til neste leir. Bord, benker, staur plast og vannspann plasseres i teltet. Latriner og vaskeplasser skal stå igjen, men plasten må taes av. Alt anna utstyr plasseres i ungdomshuset i kjelleren. Brigadebord og tak rigges ned. Alt søppel settes bak ungdomshuset. Teltplassen må renskes grundig for sigarettstumper, brus korker, spiker osv.

Brigade 2 :

Rydde hele ungdomshuset. Alt utstyr plasseres på borda i kjelleren og søppel settes bak huset. (Ikke vask)
Opprydding og vask av skolehuset (gymsal, klasserom, garderobe, dusj osv). Fjern alt søppel og bringe alt utstyr til ungdomshuset.

Brigade 3 :

Vaske ungdomshuset (alle etasjer og rom)
Renske området rundt huset for alt utstyr og søppel. Renske veien mellom teltplassen og huset.

ALLE BRIGADENE OPPFORDRES TIL Å SYNGE GJENNOM DEN KINESISKE SANGEN
"3 HOVEDBUD OG 8 REKOR" FØR NEDRIGGINGA!

Husk at vi må etterlate leirstedet i skikkelig stand. Solidaritet med folket i Hjelledalen som bruker ungdomshuset og med småbonden som eier jordene !

HELKLAFF FOR AUF LEIR:

Heile 200 auf, ere fra heile landet hadde dei samla til landsleir på Utøya. Og dette til tross for OL og inter-rail. (oppslag på fyrste sida i arbeiderbladet tirsdag 20 juli. KOr mange har ikkje Raud Front og Raud Ungdom leirane samla og kjem til å samle?)
Ellers så er det så klart ein masse bilder og namn i Reportasjen.
Hovedparola for Auf i framtida ser ut til å bli:
Husk at kvart barn som blir født kan bli ein Høgre-mann.

Kvifor får ikkje Høgrefolk meir enn tre barn?
Jau, fordi kvart fjerde barn som vert født er ein kineser.

KORT OM KK-DISKUSJONEN:

Diskusjonen avdekkja ein god del viktige feil både i KK og hos oss sjølve fordi dei fleste av oss har eit alt for ubewisst og ukritisk forhold til avisa. Vi har ein tendens til å sjå på ho som eit kyrkje-lydsblad der vi berre svarar: "ja og amen" etter å ha lese ho.

Trass i dette kom det mykje bra kritikk fram i debatten, men også feilaktige. Under klasseinnrettinga kom det fann to heilt motsatte syn: 1) Nokre meinte det stod for mykje om arbeiderklassen, 2) medan andre sa det stod for lite.

Eg meiner begge syna representerer eit blindspor i kritikken av KK. Det første synet meiner eg i beste fall snur saka på hovudet. Argumentasjonen deira byggjer nemleg på at arbeidar-klassen sine allierte har for liten plass. Men då meiner eg dei må seie det og ikkje at det står for mykje om arbeider-klassen.

Det andre synet meiner eg er rett dersom ein meiner dei perifere laga - til dømes Lier-streiken. Kritikken bommar om ein meiner kjerneproletariatet. Avisar har vore svært flink til å dekkje arbeidskampane. At stoffet kan bli betre og meirallsidig, går på innhaldet og ikkje innrettinga.

Mange synes også at avisa tek alt for lite alvorleg på arbeidar-klassen sine allierte. Spesielt gjeld dette fiskarar, men også småbrukarar, sjølv om avisa her er betre.

Enkelte forsvarer KK sine svake dekning av ungdommen og studentane med at dei har sine egne aviser, RG og Hva nå gjøres. Desse meiner eg gløymer partiet si oppgave og dermed KK sine oppgaver: stå i leiinga på alle område i klassekampen

Elles blei det retta nyttig kritikk av avisa på ein rekkje område:

For dårleg til å ta utgangspunkt i arbeidar-klassen sitt daglegliv og dermed for lite allsidig.

For lite flenk til å avsløre borgarskapet og staten hans (Reksen, Kleppe-pakka)

For allnene overskrifter, dessutan var det ofte dei same som gjekk igjen.

Positiv kritikk: avisa er betre enn oss til å føre ut partiet sin propaganda.

Gruppene tok opp fleire ulike sider ved KK som dagsavis, til dømes kvifor KK bør bli dagsavis med lite sidetal, i staden for å få 2-3 16-siders aviser i veka.

Viktigaste diskusjonane gjekk likevel på kva ei hovud-

avis er, og kva det vil seie at ho må vere allsidig. Bør fotballtabellar, tippekupong, Radio/TV-program ned i avisa?

Forma blei også diskutert, bl.a bruken av bilete. Enkelte meiner biløtta tek for stor plass, og når dei attpå til er svært dyre, bør vi kutte ned på dei. Eg er heilt ueinig i dette. Biletbruken gjer avisa nykje meir levande og lettlest. Berre tenk på korleis KK anno 69 såg ut. Skal vi greie å få mange abonentar og såleis sikre dagsavisa økonomisk, blir ei god form svært viktig.

Til slutt vil eg understreke at det er heilt naudsynt å byggje ut systemet med arbeidarkorrespondentar. Både kvantitativt og kvalitativt. Skal vi få ei konkret og allsidig avis, som betre enn før tek utgangspunkt i massane sitt daglege liv, blir arbeidarkorrespondentane eit kjerne - spørsmål.

Kamerat!

Dette gjeld også deg!

Bli arbeidarkorrespondent!

Jarle Gruppe 1. Tel Al Zaatar-brigaden.

Til diskusjonen om prinsipper for massearbeid.

Spørsmålet om ei god masselinje har stått sentralt på leiren. Ei lang tid med hets forfølgelse, oppsigelser og suspensjoner har fått mange kamerater til å vakle, knytte neven i bukselomma eller de har mistet noe av tilliten til politikken.

I arbeidet med å organisere massene vil jeg ta opp et spørsmål om metode i massearbeidet.

I arbeidet med å fylke massene rundt partiet (og i partiet) mener jeg det står to linjer i metode skarpt opp mot hverandre.

1) Skal en først diskutere politikken fra A - --Å med massene for deretter å spørre om de vil organisere seg?

2) Jeg mener dette er feil. En skal først spørre om folk vil organisere seg i en front eller et parti og deretter utvikle motsigelsene på det svaret du får.

Hvorfor jeg mener dette er viktig og riktig? Fordi de som står for den første linja avslører en manglende tillit til politikken. De ser på fronter og parti som ogg. for bare godt skolerte I).

Metoden med å undersøke spørsmålet om en arbeidskamerat vil organisere seg før en gir seg inn på å diskutere alle sider ved politikken er ei linje for direkte å gripe og løse motsigelsene i massene. I denne ligg det at sjølsagt skal du være med i arbeidet! Dette er ei linje for å ta åt oppgjør med sekterismen og er retta inn på at vi virkelig skal bli mange.

I)Fronten og Partiet er sjølsagt to ulike nivå i organisering, men gjeld ikke samme metoden for å utvikle motsigelsene på spørsmålet om organisering.

TORBjørn

Kort oppsummering av barnehagen.....

Vi syns at både foreldne og vi i barnehagegruppa har fått ungene til å trives i barnehagen. Videre har vi oppsummert at vi syns at ungene har utviklet en mere kollektiv stil, de har hatt felles bespisning, løst enkle oppgaver sammen, og skjønt at alt i barnehagen skal delest.

Vi har lært ungene en del sangleiker og sanger, men har lagt lite vekt på å lære dem sanger med politisk innhold.

Vi som har fått i oppgave å jobbe med ungene mener vi kunne kommet mye lenger (sett det mer som ei politisk kamppopgave enn en praktisk oppgave) dersom ungene hadde blitt prioritert høyere, og at de som skulle ha ansvaret for ungene hadde blitt utpekt på forhånd, og kunne fått diskutert opplegget grundig på forhånd.

Vi vil tilføye at barnehagegruppa ikke er ferdig med ei skikkelig oppsummering ennå. Dette vil vi forsøke å gjøre før leiren er ferdig. Den oppsummeringa vi kommer med mener vi bør brukest til neste leir. Her er det og viktig at erfaringer fra andre leire også blir tatt i bruk.

Barnehagegruppa.

1988